Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr.

Fylke: Nordland.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Bø.

Emne: Nr. 43.

Bygdelag:

Oppskr. av: Johan Sivertsen,

Gard: Steine

(adresse): Bø i Vesterålen.

G.nr. 17. Br.nr. 11.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Ring på fingeren for lækedom er ikkje kjent her. Derimot messingring om handleen er nytta her. Er ein alminnelelig tykk messingtrå som er bøygd ende mot ende. Har sett til og med yngre folk har brukt det her mot gikt. Det er denne det er nytta mot.

Hengesmykke om halsen har visst ikkje vorre nytta her. Derimot har det vorre elektrisk belte her (giktbelte). Brukt å være dyppa i eddik. Har også vorre brukt giktmaskin. Kunne vel være fyrst på i dette århundre att desse to ting var nytta. Underskrivne har ikkje sett desse, så det kann ikkje utredes her korleis dei var.

Øreringer har vorre nytta her både av menn og kvinder. Dei var av tynn messingtrå, og i begge ører. Var for å skjerpe synet. Sist sommar 1953 døde ein gamal mann her som bar

9280

öreringer, stukket tvert gjennom öret. Den einaste underskrivne har sett med slikt av menn. Braktes ofte ör-dobber. ~~eo~~ Dette var for stas.

Spörgsmål 7. om „forskjellige ting" har ikkje vorre aktuelt her.

Ein gong i forige århundre var det ein gutt Jens Nilsen som brakk arma under eit fall i Steinsvik-Klubben her i Bö. Han blei gitt oppskravet messing til medisin. Det sges det la seg messing omkring bruddet, og god blei Jens.

Kann tenkjes det har vorre praksis her i gamle dagar.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING